

tid og meir spiredyktig pollen enn hjå utanlandske sortar som tidlegare var prøvde.

Av foreldresortar som vart nytta i kryssingsarbeidet kan nemnast: Early Orange, Henderson, Robust og Tilton.

Kryssingsmaterialet vart planta på observasjonsfelt frå 1953, og utvalsarbeidet tok til etter kvart som frøplantene kom i nemnande bearing.

Fram til 1965 var det mest lovande kryssingsmaterialet valt ut og oppformert, slik at eit nytt felt kunne plantast (våren 1965), med tanke på ei meir inngåande vurdering av sorts- og dyrkingsegenskapar, der serleg frukt kvalitet, yteevne og herdigskap kjem inn som verdfulle faktorar.

Som ei førebels orientering om det mest lovande kryssingsmaterialet som for tida er under prøving på Njøs, viser ein til tabell 1.

Tabell 1. Blomstrings- og hausteobservasjonar hjå nokre aprikoskryssingar 1970.

Kryssing Sort	Foreldre- kombinasjonar	Blomstr.- dato	Hauste- dato	Utvikl.- dagar	1970	
					Avling i kg pr. tre	Fruktstor- leik i g.
X — 6	Henderson x Robust	11. mai	28. aug.	109	9,60	26
I — 13	Henderson x Tilton	13. mai	21. sept.	131	15,00	39
I — 15	Henderson x Tilton	11. mai	21. sept.	133	7,50	42
III — 15	Tilton x Henderson	11. mai	1. okt.	143	6,20	21
I — 19	Henderson x Early Orange	13. mai	9. okt.	149	3,40	37
XII — 17	Henderson x Tilton	13. mai	9. okt.	149	23,60	47
Veccot	Kryssing open pollinert	13. mai	9. okt.	149	3,20	40

Også når det gjeld eigenskapar som ikkje går fram av nemnde tabell, syner det seg å vere store variasjonar i kryssingsmaterialet. Dette gjeld m.a. vekstkraft og kroneform, fruktform og -farge, kvalitet m.m.

På grunnlag av siste års avling (1970), er det serleg tre kryssingsnummer som har peika seg ut i positiv leid (I — 13, I — 15 og XII — 17)



Fig. 1. Kryssing I—13 (Hendersen x Tilton) — avling 1970.

Kryssing I — 13 (Henderson x Tilton). Treet har hittil vist seg midtels sterktveksande med korte fruktgreiner, og ei etter måten opa kro-
ne utan typisk midtstamme. Lauvverket er stort, hjarteforma med mørk grøn-farge.

Frukta er stor, omlag rund med sers djup buksaum. Stilken er tjukk og kort.

Frukta er svakt duna med gul grunnfarge og mykje utbreidd ljos-
raud dekkfarge (sjå fig. 1).

Fruktkjøtet er fast, ljosgult, noko grovfibra, men med ein fin søt
smak. Steinen løyser lett frå fruktkjøtet. Frukta mognar jamt og heng
godt på treet.

Kryssingen ser ut til å komme tidleg i bering til tross for etter må-
ten kraftig vegetativ vekst.

Det er elles stor likskap med Henderson, den eine av foreldresort-
ane.

Kryssing I — 15 (Henderson x Tilton).

Vekstkrafta hjå treet er her noko svakare samanlikna med før